


KOMMUNEINFORMASJONEN

FYRESDAL

Juni 2009



Innhald:

Innhald:	Side:
Aketun fisk	s. 14
Aktivitetar på POS	s. 9-11
Bygdedagen	s. 17
Drosjevakt	s. 29
Dyrlegane	s. 14
Fjøddi sæter	s. 22
Flytur	s. 15
Foldsæ økologiske gardsbutikk	s. 14
Folkestadbyen informerar	s. 21
Fossum	s. 15
Fyresdal bygdemuseum	s. 27
Fyresdal fiskefond	s. 23-25
Fyresdal folkebibliotek	s. 12
Fyresdal idrettslag	s. 20
Fyresdal kulturskule	s. 15
Fyresdal legekantor	s. 29
Fyresdal motorsportklubb	s. 26
Fyresdal skyttarlag	s. 18-19
Fyresdal sogelag	s. 22
Fyresdal symjegruppe	s. 16
Fyresdal ungdomsklubb	s. 15
Grendequiz	s. 16
Grindberg trevare	s. 14
Grunnvik landhandel	s. 18
Idrettsstipendet 2009	s. 6
Informasjon til føresette	s. 8
Juni brukgekafeín	s. 15
Kommunale vedtak	s. 3-5
Kontrollutvalet	s. 7
Kulturprisen 2009	s. 6
Kyrkjedøra	s. 28
Loes tenesteyting	s. 16
Mental helse	s. 26
Miljøbiler LPG	s. 18
Moland Vel	s. 14
Møteplan	s. 2
Nye telemarkskyri meieri	s. 18
Ordføraren informerar	s. 2
Røykeavvenning	s. 13
St. Hans feiring	s. 13
Trimgruppa	s. 25
Trivselsgruppa	s. 13
Ved 2009	s. 18
Volleyballgruppa	s. 22

Det skjer i juni 09

- 01.** Gudsteneste - POS
- 02.** Vandretur frå Bergland
- 03.** Kaffekonsert og utstilling
- 07.** Gudsteneste – Betel
- 06.** **BYGDEDAGEN**
- 06.** Tur med Fyresdal sogelag
- 06.** Bygdequiz
- 08.** Dugnad – Fyresdal Motorsportklubb
- 09.** Tur til Skuggenatten i Treungen
- 10.** Skytetrening
- 11.** Dugnad – Fyresdal Motorsportklubb
- 13.** Klubbavslutning
- 14.** Gudsteneste – Snarteland
- 14.** TA – trimmen 2009
- 16.** Vandretur inn mot Aslestad
- 17.** Medlemsmøte – Mental helse
- 17.** Skytetrening og prøve
- 19.** Topptur Øysteinsfjell
- 21.** Gudsteneste – Veum
- 23.** Tur til Grasstøylfjell
- 23.** St. Hans feiring
- 24.** Skytetrening og prøve
- 26.** Landsbypub
- 28.** Gudsteneste – Trollholene i Kilegrend
- 30.** Topptur Nasefjell

**Vil du ha med eit innlegg i
informasjonen for juli/august må du
levere det innan 15. juni 2009.**

E-post adressa er:

postmottak@fyresdal.kommune.no

Fyresdal kommune tlf 35 06 71 00
Etter kl 15.00 Barnehagen tlf 35 06 71 80
Pleie- og omsorgssenteret tlf 35 06 71 67

Heimeside: www.fyresdal.kommune.no

Ordføreren informerer Nytt hotell på trappene.

Vi har i heile vinter arbeida med å få til ny verksemd på hotellet vårt. Det har vore tema på alle møter i formannskapet, rådmann og næringsjef har brukt mykje tid.

No er vi på veg til å få ting på plass, i desse dagar (veke 22) er det lagt ut ei annonse på FINN.no, kor ei gruppe investorar søker etter drivarar til hotellet.

Det er ei gruppe som er svært interessera i å få starta drift på hotellet. Ein forutsetning for kommunen har heile tida vore at det må vere ein drift som kjem lokalbefolkninga til gode. Vi treng ei plass til større samanhenger, møter og konferansar. Kanskje eit bryllaup? (Dei som enda ikkje har gifta seg bør nytta høvet....)

Helse og friskfokus vil vere sentralt i tillegg til alt anna. Det vil nok ikkje verte eit eksklusivt SPA-hotell men ein stad for vanlege menneske som treng ei kveik i kvardagen. Enno er det noko som gjenstår av detaljar, og ulikt arbeid som må gjerast på staden. Men vi er på god veg og ved godt mot!

I mellomtida får Vertshuset disponere leilighetene til overnatting slik at dei kan taka imot fleire gjester. Det er ei ordning dei har hatt glede av allerede.

Eg vonar at vi alle nytter høvet til å bruke staden når det kjem i gang. Slik at vi igjen får glede over ei storstove i Fyresdal.

Med helsing
Bjørn Nome
Ordfører



MØTEPLAN KOMMUNALE MØTE I JUNI

- med atterhald om endring av datoar.

Juni

- 08. LT-utvalet**
- 02. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**
- 02. Eldrerådet**
- 03. KOO- utvalet**
- 11. Fellesrådet**
- 11. Formannskapet**
- 12. Administrasjonsutvalet**
- 17. Arbeidsmiljøutvalet**
- 18. Kommunestyret**



Til informasjon er alle møta, unnateke arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet, opne møter der kven som vil kan vere tilhøyrar. Enkelte saker er lukka for publikum, dette står i sakspapira. Dei fleste møta finn stad i kommunestyresalen. Elles er sakene lagt ut til gjennomsyn på biblioteket, kommunehuset, og på heimesida www.fyresdal.kommune.no under politikk. Kommunestyremøta blir og sendt på lokalradioen.

Vedtak frå møte i Hovudutvalet for landbruk og teknikk – 20.04.2009

Søknad om landingsløyve – Brårvatn

Bjørn Skarning får dispensasjon frå Lov om motorferdsel § 6, til å nytte helikopter for transport av proviant og utstyr til Brårvatn, kartblad M711 – Dalen 1513 IV. Løyve gjeld ein tur, fortrinnsvis 5. eller 6. juni, ana tidspunkt kan likevel nyttast om uforutsette tilhøve gjer flyging vanskeleg.

Klage på avslag vedkomande søknad om motorferdsel i utmark

Klage frå Åge Kile på avslag vedkomande bruk av snoskuter i utmark takast ikkje til fylgje. Fyresdal kommune opprettheld tidlegare vedtak, og saka oversendast Fylkesmannen for endeleg handsaming.

Momrak Kraftlag AS – søknad om konsesjon på erverv av fast eigedom

Fyresdal kommune gjev i medhald av konsesjonslova §§ 1 og 3 konsesjon til Momrak Kraftlag AS i samsvar med avtale datera 10.12.08, for erverv av fast eigedom frå Hans J. Haakenstad og Gunn Kiland Haakenstad, eigar av Momrak gnr./bnr. 28/3, og Halvor T. Momrak, eigar av Momrak gnr./bnr. 28/6. Konsesjonen gjeld leigetid på 40 år, og gjeld areal for etablering og drift av Momrak Kraftlag AS.

Momrak Kraftlag AS – søknad om deling og kartforretning

I medhald av jordlova § 12 vert det godkjent frådeling frå eigedomen Momrak gnr. 28, bnr. 3 naudsynt areal til bygningar, damanlegg og rørgate, i samsvar med festeavtale datera 10.12.08 for etablering av Momrak Kraftlag AS.

Momrak Kraftlag AS – søknad om deling og kartforretning

I medhald av jordlova § 12 vert det godkjent frådeling frå eigedomen Momrak gnr. 28, bnr. 6 for naudsynt areal til rørgate, i samsvar med festeavtale datera 10.12.08 for etablering av Momrak Kraftlag AS.

Vedtak i Formannskapet - 23.04.2009

Økonomigjennomgang bygdeutvikling og fellesteneste pr 01.03.09

Den økonomiske situasjonen pr. 01.03.09 for bygdeutvikling og fellestenester blir teke til vitande.

Økonomigjennomgang pr. 01.03.09 - Finans

Den økonomiske situasjonen pr. 01.03. vert teke til vitande.

Haukrei 68/8 - forespørsel om oppføring hytte

Formannskapet ser ikkje at det føreligg særlege grunnar etter PBL § 7 for å gje dispensasjon. Søknaden vert avslegen.

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, Birtedalen AS

1. Det vert gjeve dispensasjon etter pbl §7 frå arealdelen i kommuneplanen for planlegging av skiheis og 3 nedfartar, med varmestoge og kafe, i Bergstadjell i Birtedalen i område synt i dispensasjonssøknad.
2. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan etter pbl §23.
3. I samband med reguleringsplanarbeidet må det fylgje utgreiingar og dokumentasjon på m.a. område biologisk mangfald, landskap og kulturminne.
4. INON-bortfall må reduserast etter signal frå Fylkesmannen.

Søknad om fradeling hytte med tomt - Berge 19/1

Gunn Heidi Berge får løyve til å dele frå eksisterande hytte med tomt frå Berge gnr/bnr 19/1 slik ho søker om. Tomtestorleiken skal være inntil 1 mål. Hytte med tomt skal overdragast til Johan og Tore Mørland.

Vedtak i Næringsfondsstyret - 23.04.2009

Søknad om tilskot til marknadsføring-Elisabeth Skomdal

Det løyvast kr. 20.000 i marknadsføringstilskot til Elisabeth Skomdal i samband med utvikling og marknadsføring av keramikkverksemda hennar i Fyresdal. Løyving frå konto 1410 470. Tilskotet utbetalast etter gjeldande reglar for bruk av næringsfondet.

Gjenverande investeringstilskot på kr 15.000,- frå sak 18/06 vert trekt attende.

Vedtak i Kommunestyret - 23.04.2009

Val av valstyre 2009

Valstyre 2009:

Medlemer:	Varamedlemer:
Bjørn Nome(Sp), ordførar Annveig Veum Aas(Sp), varaordførar	1.Tormod Tveitå 2.Mona Fillingsnes 3.Kjell Sverre Thoresen
Olav Gisle Noraberg(Ap)	1.Lars A. Bjørgulfson 2.Berit Gulbrandsen 3.Nils Kristian Moe
Saamund Gjersund(BL) Gunhild Slyngstad(BL)	1.Tor Bendik Midtgarden 2. Elisabeth Jopperud 3. Tor Bolstad Jensen 4. Sven Erik Skomdal

Søknad om bruk av midlar frå fond 2510018 "Kvalitetsutvikling ved Gimle skule"

Fyresdal kommune overfører midlane på fond 2510018, kr. 66 000,- til driftskontoen ved Gimle skule. Midlane skal gå til dekning av "Klasseromsleing" eit kurs i regi av Confex.

Søknad om ei 80% auk i assistent heimel i banehagen

Det opprettast ein ny 80% assistent heimel i barnehagen snarast råd. Heimelen blir dette budsjettår finansiera over KOO's disposisjonsfond for så og bli innarbeida i budsjettprosessen for 2010.

Vedtak i Hovudutvalet for kultur, oppvekst og omsorg - 06.05.2009

Søknad om dispensasjon frå utdanningskravet - pedagogisk leiar 2009.

Fyresdal kommune innvilgar midlertidig dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar i heimel 2423 frå 01.08.08 – 31.07.09.

Søknad om sponsormidlar til fotballskulen i Vrådal

Fyresdal kommune løyver ikkje sponsormidlar til fotballskulen i Vrådal sidan det vert arrangert fotballskule i eigen kommune.

Økonomisk stønad til arbeiderrørslas arkiv i Telemark for 2009

Fyresdal kommune løyver eit tilskot til Arbeiderrørsla sitt arkiv i telemark på kroner 1000. Løyving frå konto 1113 490 (utvalet sin disponible pott). Det står då att kroner 6000 på denne kontoen.

Tildeling av kulturmidlar 2009

IDRETTSLAG	Tildelt 2009
Fyresdal idrettslag	95000
Fyresdal skiskyttarlag	50000
Fyresdal skyttarlag	12000
Fyresdal snoskuterklubb	8000
Hugljufur Islandshestforening	7000
GRENDELAG/-HUS	Tildelt 2009
Bedehuset Betel	1000
Hauggrend Grendelag	15000
Kilegrend Grendelag (kun budsj.)	11000
Kleivgrend Grendelag	3500
Moland Vel	1000
Roan 4H og Fridheim ungd.hus	11000 (4000+7000)
Vestkanten Grendelag	4500
Veum Grendehus	16000
Veum Grendelag	1000
Åsland Grendelag	5000
LAG OG ORGANISASJONAR	Tildelt 2009
Bygdedagskomiteen	3844
Dalen Fotoklubb	500
Fyresdal Bygdekvinnelag	1000
Fyresdal Familiekor	3000
Fyresdal Musikkorps	20000
Fyresdal Pensjonistlag	1000
Fyresdal Røde kors	2000
Fyresdal Sogelag	1000
NFU – Vest-Telemark lokallag	500
NHF – Vest-Telemark	500
17. mai komiteen	8000
4H Vest	4000
FASTE TILTAK	Tildelt 2009
Idrettsstipend	12000
Kulturprisen + diplom (diplom frå kultur i 2009)	8000
Straumtilskot motorklubben	10000
Olsokspelet (utbetalt)	65000
Tilskot Vest-Telemark Museum (utbetalt)	111156
Tiltak for vaksne og born under skulealder	0
SUM	434000

Løyving av kr 434 000,- frå kontor 1263470(kulturmidlar)

Kulturprisen 2009

Kulturprisen for 2009 går til Gunhild Momrak

Grunngjeving:

- Ho har tatt initiativet med toppturane i Fyresdal.
- Ho har fått med seg Fyresdal Idrettslag på dette, er pådrivar og har danna ei eiga turgruppe.
- Gunhild marknadsfører Fyresdal på ein framifrå måte.
- Gunhild sitt inkluderande vesen gjer at ho samlar mange menneske kring seg.
- Ho har god kunnskap om fauna, planter og stadnamn og formidlar kunnskapen på ei klingande dialekt.
- Toppturane som Gunhild er pådrivar og entusiast for gjer at svært mange, som elles ikkje er ute på tur, er med. Dette er viktig i eit førebyggjande helseperspektiv.

Kulturprisen 2009 blei utdelt på folkefesten 17. mai.




Idrettsstipendet 2009

Idrettsstipendet 2009 går til Bendik Aketun og Eirik Aas Levang som representerar Fyresdal SSL

- Dei var begge med på stafettlaget til Telemark og Vestfold skiskyttarkrets som tok bronse på stafett i årets hovudlandsrenn i skiskyting.
- Bendik Aketun har i tillegg til denne bronsemedalja, to fjerdeplassar i det same hovudlandsrennet og ein fjerdeplass i Young Star. Young Star er ein konkurranse der landets 30 beste 15 og 16 åringar deltek etter å ha kvalifisert seg gjennom sesongens 6. største løp. Young Star blei arrangert i samband med Verdens Cup avslutninga i Trondheim i mars.
- I tillegg er begge gutane medlemar i "Nullerklubben" dvs. at dei har skote fullt hus i eit mesterskap; landsdelsmesterskap, norgesmesterskap eller hovudlandsrenn. Bendik klarte dette i Østlandsmesterskapet seist sesong og Eirik under Hovudlandsrennet denne sesongen.
- Begge gutane har vore med i skiskyttarlaget sidan dei var 9 – 10 år og er flotte forbilde for dei yngre løperane våre. Dessutan representerar dei bygda vår på ein flott måte når dei er ute og konkurrerar.

Idrettsstipendet 2009 blei utdelt på folkefesten 17. mai.



Kontrollutvalet

Kva er eit kontrollutval?

Kontrollutvalet er kommunestyre sitt reiskap for demokratisk innsyn og kontroll i kommuneforvaltninga.

Målet til kontrollutvalet er å sjå til at kommunen følgjer regelverket, og at kommunen er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunen sine innbyggjarar.

Kontrollutvalet skal også sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og at kommunestyret sine vedtak vert følgde opp.

Kommunestyre velgjer sjølv kven som skal sitte i utvalet.

Utvalet sitt arbeid vert regulert av Kommuneleien § 77 og forskrift.



Kven er medlem i kontrollutvalet?

Kommunestyret står fritt til å peike ut medlemmar til kontrollutvalet.

Forskrifta stiller likevel krav om at kontrollutvalet skal ha: minst tre medlemmer, og at minst ein av desse skal vere medlem av kommunestyret.



Medlemmer i kontrollutvalet kan ikkje vere representert i andre politiske utval. Ansatte i kommunen kan heller ikkje vere medlemmer i kontrollutvalet.

Kan eg som innbyggjar klage på kommunale vedtak til kontrollutvalet?

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og kan derfor ikkje handsame klager på enkeltsaker.

Kontrollutvalget kan likevel på eige initiativ eller på bakgrunn av konkrete saker og oppfordring frå publikum, vurdere om kommunen sine eigne retningslinjer og sentrale lover/forskrifter vert følgde av forvaltninga.



Korleis kjem eg i kontakt med kontrollutvalet?

Liv Aune, leiar: haralun@online.no

Gunnar Kvasjord, nestleiar: gkvasjo@gmail.com

Aud Kristin S. Lukassen: audsyl@onlin.no

Kontrollutvalgssekretariatet - postmottak@temark.no



Kontrollutvalets møtepapir

Kontrollutvalet sine møtepapir er som hovudregel offentlege med mindre anna er bestemt i lov. Det gjelder uavhengig av om kontrollutvalets sine møter er opne eller lukka.

Møtepapira kan ein ofte å ved å ta kontakt med kommunen, eller Telemark kontrollutvalssekretariatet.



Informasjon til alle føresette i Fyresdal

No er det endeleg vår!

Fleire av oss kan alle kjenne på kriblinga i kroppen at dette er ei flott tid med mykje spanande nytt som spirar og gror.

Vi veit og at våren fører med seg noko som ikkje er like positivt. Dette er tida då mange unge testar ut alkohol og andre rusmiddel. Nokon føresette vert mindre strenge på tida den håpefulle skal vere heime om kvelden, og kven dei er saman med.

For å førebyggje noko av dette, ynskjer vi med dette og kome med ei påminning og oppmoding til alle vaksne og føresette:

- Hugs på at det IKKJE er lov å nytte alkohol når ein er under 18 år!
- Hugs at det IKKJE er lov å kjøpe alkohol til nokon under 18 år!
- Hugs at det er lov å bry seg som vaksen, sjølv om det ikkje er ditt barn!

Vi oppmodar alle vaksne til å tenkje på dette, og vere ein tydeleg vaksen!

Med ynskje om ein flott vår og sommar!

Fyresdal ungdomsklubb

Omsorgsteamet

Lensmannen i Fyresdal



AKTIVITETAR PÅ POS I JUNI 2009!

Nå kan vi vel rekne med at sommaren er her ☺. Vi held framleis fram med aktivitetane våre, og vonar du vil vere litt i lag med oss, sjølv om det er godt å vere litt ute nå. Du hjarteleg velkomen. Arbeidslyst er ikkje det viktigaste, men vi gleder oss i sosialt samvær. Har du lyst til å spise middag med oss, kan du det, men da bør du tinge på telefon 35 06 71 63.

NB! Nå har vi flytta strikkekafeen frå torsdag til onsdag.

Programma startar kl. 11.00 om det ikkje står noko anna:

Tysdag 2: I dag kjem KROSSLI-musikken til oss igjen. Dei syng og spilar for oss, noko vi set stor pris på. Du er hjarteleg velkomen til å høyre på dei du også.

Onsdag 3: Frå 10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Du er hjarteleg velkomen.
NB!NB! Kl.13.30 STRIKKEKAFEEN. Ta med deg strikketøyet og kom hit da vel. Har du lyst til bare å prate, kan du sjølv sagt det også.

Torsdag 4: Frå kl.10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Kom du og da vel. Du treng ikkje gjere noko om du ikkje vil, men kan jo halde oss med selskap.
Andakt kl.12.00 (med atterhald).

Fredag 5: kl.10.00 Trim m/fysioterapeuten.
Kl.11.00 Fredakskafe` med vaflar og kaffi. I tillegg vil vi hygge oss i lag med litt hjernetrim.

Tysdag 9: Lett sitte- trim etter musikk. Vi har ein kjempefin trim-cd som vi trimmar etter. Vi sit i stolen å trimmar, så dette er noko dei aller fleste kan bli med på. Har du lyst til å prøve, så kom da vel.

Kl. 12.00 kjem Freddy for å spile for oss, og vi syng i lag☺

Onsdag 10: Frå 10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Du er hjarteleg velkomen.
NB! NB! Kl.13.30 STRIKKEKAFEEN. Ta med deg strikketøyet og kom hit da vel. Har du lyst til bare å prate, kan du sjølv sagt det også.

- Torsdag 11: Frå kl.10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Kom ein tur du og da vel.
Andakt kl.12.00.
- Fredag 12: kl. 10.00 Trim med fysioterapeuten.
Kl. 11.00 Fredagskafeen med lappar og kaffi. I tillegg har vi det hyggeleg i lag med bingo☺
- Tysdag 16: Lett sitte- trim etter musikk. Vi har ein kjempefin trim-cd som vi trimmar etter. Vi sit i stolen å trimmar, så dette er noko dei aller fleste kan bli med på. Har du lyst til å prøve, så kom da vel.

Kl. 12.00 kjem Freddy for å spile for oss, og vi syng i lag☺
- Onsdag 17: Frå 10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Du er hjarteleg velkomen.
NB! NB! Kl. 13.30 STRIKKEKAFEEN. Ta med deg strikkesetet og kom hit da vel. Har du lyst til bare å prate, kan du sjølvstags det også.
Dette blir siste strikkekafeen før sommaren. Nå går vi inn i ferieperiodar.
Men strikkekafeen startar opp att 2. september.
- Torsdag 18: Frå kl.10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga og held på med ymse, du er velkomen.
Med atterhald: Andakt kl.12.00.
- Fredag 19: kl. 10.00 Trim m/fysioterapeuten.
Kl. 11.00 I dag blir det **SOMMARKONSERT**☺ med Hans Ericsson. Han var her i fjor også, og det var kjempeflott å høre han syngje og spile viser. Dette bør du få med deg ☺
- Tysdag 23: Lett sitte-trim etter musikk. Vi har ein kjempefin trim-cd som vi trimmar etter. Vi sit i stolen å trimmar, så dette er noko dei aller fleste kan bli med på. Har du lyst til å prøve, så kom da vel.
Etterpå sit vi å hyggjar oss i lag med litt kaffi og kake, og vi syng litt saman.

Onsdag 24: Frå 10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga å held på med ymse handarbeid. Du er hjarteleg velkomen.

Torsdag 25: Frå kl.10.30 til 12.30 sit vi på arbeidstoga og held på med ymse, du er velkomen.
Med atterhald: Andakt kl.12.00.

Fredag 26: Kl.10.00 Trim m/fysioterapeuten
Kl.11.00 Fredagskafeen med vafler og kaffi☺ I tillegg vil vi hygge oss i lag med litt ulike spel.

Tysdag 30: Lett sitte-trim etter musikk. Vi har ein kjempefin trim-cd som vi trimmar etter. Vi sit i stolen å trimmar, så dette er noko dei aller fleste kan bli med på. Har du lyst til å prøve, så kom da vel.
Etterpå har vi kaffi og kake, og vi hyggar oss med litt song i lag.

I juli og august vil vi ha noko redusert program, dette grunna ferieavvikling. Men det vil kvar dag vere folk på aktiviteten, så du er hjarteleg velkomen innom. Sjå program i juli/august-infoen.

AKTIVITETEN vil ynskje alle ein riktig god sommar☺

DETTE MÅ DU FÅ MED DEG:

VI SESONGAR HANS ERIKSSON

Kjem på POS fredag 19. juni, kl.11.00.

Hans Eriksson var hos oss i fjor også, og det var ei flott oppleving. Han syng nydelege viser, og er absolutt verd å høyre på.

Kom du også da vel ☺

Kaffi og kaker blir det også. Vi vil også ha loddsal denne dagen.

Vonar mange har lyst til å hygge seg i lag med oss, og ikkje minst høyre Hans Eriksson synge og spile for oss.

Vel møtt!

Aktiviteten

NYTT PÅ FYRESDAL FOLKEBIBLIOTEK

Skjønnlitteratur voksne

James, P.D: Den siste pasienten

Theorin, J: Nattefokk

Faglitteratur voksne

Enquist, P.O: Et annet liv

Jacobs, H: Hendelser i en slavepikes liv

Westlie, B: Fars krig

Lydbøker voksne

Brekke, T: Gull-rush

Gulbranssen, T: Og bakom synger skogene

Gulbranssen, T: Det blåser frå Dauingfjell

Gulbranssen, T: Ingen vei går utenom

Staalesen, G: Begravde hunder biter ikke

DVD

A casa nostra (11 år)

Australia (11 år)

Blond ambition (11 år)

Cheetah girls, en verden (for alle)

Cranford (for alle)

Dinosaurjegerne

Drømmehagen (for alle)

Død snø (15 år)

Kampen om tungtvannet (12 år)

Kit Kittredge (7 år)


Ladies in lavender (11 år)

Maria Larssons evige øyeblikk (11 år)

Super croc

Tigerhajen

Twilight (11 år)



BIBLIOTEKET BLIR STENGT FOR OMBYGGING

Den siste opningsdagen på biblioteket er **tysdag 2.juni**.

Etter dette er biblioteket stengt for ombygging fram til september.

Alt de låner på biblioteket før 2.juni, kan

de behalde til biblioteket opnar att.

Dette gjeld likevel ikkje for bøker som er lånte inn frå andre bibliotek

- dei må vi sende tilbake. Ver grei å levere slike bøker til sentralbordet i

kommunehuset om du ikkje får levert på biblioteket før stenginga.

Skulle trongen til bøker eller filmar bli for stor i perioden folkebiblioteket er stengt,

bruk bibliotek i andre kommunar. Det er fri lånerett i Noreg!



Røykeavvenningskurs:

I løpet av fyrste halvdel av september 09 blir det tilbud om røykeavvenningskurs på helsesenteret.

Kursleiarar blir Wolfgang Hornstein og Kari Schrøder Lassemo.

Meld di interesse til helsesenteret 35 06 73 00 v/Kari Schrøder Lassemo.



Trivselsgruppa:

i Fyresdal ynskjer å halde fram med dei faste møtene der vi talar om kosthald, helse, trim og trivsel. Vi har hatt regelmessige samlingar no i vår og ynskjer å halde fram til hausten.

Har du høyrd om dette og ikkje våga deg med enno, er du velkomen på helsesenteret

2. september 09 kl 15.00.

Her vil det bli orientering om høve til å vere med på t.d. spinning, symjing, aerobic, turgåing, eller om du ynskjer eit heilt eige opplegg som passar akkurat deg.

Du kan få avtale om å få tatt blodprøve og blodtrykk, for å finne ut om du har nokre feil verdiar som du kan rette opp ved betre kosthald eller meir trim. Her er moglegheitane mange, det er i grunnen opp til deg sjølv om kva du ynskjer.

Det er berre å møte opp.

Helsing arbeidsgruppa for nærvær på jobb.



St. Hans feiring i Fyresdal sentrum. 23. juni

Det blir feiring i bryggeparken!

Frå kl. 18.00 tenner vi grillen og ca. 19.30 tida tenner vi bål.

Ta med deg godt humør, grillmat, eller det du måtte ynskje (får sikkert kaupt noko på JUNI)

Det er begrensa med bord og stolar, så det er lurt om du kan take med det og. Vi held grillkol.

Vi hygger oss saman.

Velkomen!

Helsing

Moland Vel og Mental Helse Fyresdal.



PS: Blir det blåsande, kaldt eller regnver, reiser vi bort i lavoen nadenom Fyresdal pleie- og omsorgssenter og tenner grillen der.

Foldsæ økologiske gardsbutikk

Over 100 økologiske produkt i utvalg:
Økologiske varer til dagleg hushaldning

- Gåveartiklar
- Kunsthandverk
- Personlig pleie
- Lokale produkt
- Naturtekstilar
- Reingjøring
- Kosmetikk
- Øko – Godteri



Opningstid:

Tysdag og torsdag frå 17:00 til 20:00
laurdag frå 11:00 til 16:00

Dyrlegane er på Foldsæ

**13. juni
03. juli**

Time bestillast som
vanlig ved
Seljord Veterinærkontor,
tlf 35 05 09 30



AS GRINDBERG TREVAREFABRIKK
Møbler siden 1930

3870 Fyresdal • Telefon 35 06 70 70
post@grindberg.no

Grindberg har det du treng til innredning
av hytter og hus. Eit spennande utvalg av
møblar og interiør.

Velkommen til ein hyggeleg og lønsam
handel hos oss i Kilegrend.

Opningstider:

Måndag – fredag kl 09.00 til kl 16.00



Aketun Fisk

Velkommen innom.

Vi har fersk fisk, fiskekaker, røkt fisk
og andre produkt.

Ynskjer du eit fat med diverse fisk til eit lite
eller stort selskap så lagar vi det.

Nokre av våre produkt er å finne hos:

- Fyresdal Mat/ICA
- Joker Grunnvik
- Heggland Daglegvare
- Nye Hauggrend daglegvare

Med helsing

Ingebjørg og Jonny Aketun

tlf 35 04 21 37

www.aketunfisk.no

Moland Vel

Stifta 26. mai 1986

Har du/de lyst til å melde deg/dykk inn i
Moland Vel så kan de gjere det ved å bruke
informasjonen under:

Medlemskontingent 2009

Enkeltmedlemsskap kr. 50,-

Familiemedlemsskap kr. 150,-


Bankkonto: 2694.20.23544

Hugs å merke betalinga med namn og e-post
adresse.

Me takkar alle tidlegare og komande
medlemer for god støtte!

Med helsing

Moland Vel



Fossum Kurs- og Feriesenter

På bestilling

Restaurant "Stallkafé"
Hytter, Overnatting, B&B,
Sauna, Badestamp
Arrangement av møte, seminar, fest
Velkommen!

Dierk og Brigitte Rengstorf
Fossum, Hauggrend, 3870 Fyresdal, tel. 35042514

LYST PÅ SIGHTSEEING TUR ELLER SHOPPING TUR MED FLY?

Brussel	4.5 Timer
Amsterdam	3.5 Timer
Trondheim	2 Timer
København	2 Timer
Bergen	50 min
Oslo	50 min
Stavanger	40 min
Skien	40 min
Torp	40 min

Bestill tur i dag.

Mvh

Jan Machiels
Privat Pilot
41416526
info@enfy.no



Fossum Kurs- og Feriesenter

Landsbypub
Kvar siste fredag i måneden
fra kl. 20.00
... og steinovnsbakt Pizza !

Fossum, Hauggrend, 3870 Fyresdal,
tel. 35042514

Fyresdal kulturskule presenterar:

Kaffekonsert og utstilling
– 3. juni 2009

Onsdag 3. juni 2009
Klokka 18.00
Samfunnshuset

Fri inngang!
Gratis kake og kaffe
Sal av brus

Velkomen!



Junni

BRYGGEKAFEÉN

3870 Fyresdal. Tel: 91 60 76 10

Frå måndag 22. juni
til søndag 16. august
har vi opent kvar dag
frå kl 11.00 til 21.00

og restaurant frå kl 13.00

Fyresdal ungdomsklubb

Det blir klubbavslutning 13. juni.

17. juli er det Noregs premiere på **Harry Potter og Halvblodsprinsen**
og **Istid 3** i kinosalen på samfunnshuset i Fyresdal.

Den same helga blir det også datavake, meir informasjon om dette kjem seinare.



Loes Tjenesteyting



Trenger du hjelp til for eksempel:

- Reingjøring
- Storrengjøring
- Rydde rom, loft og alt hva du trenger
- Privat regnskap
- Gjøre innkjøp / handle



Eventuelt andre ting du trenger hjelp til.

Jeg kan kontaktes etter kl. 18.00 for nærmere avtale og pristilbud.



Loes Fennik-Hartman

Haasum

3870 Fyresdal

Tlf: 35 10 30 90



Grende quiz på Vertshuset laurdag 6. juni kl 20.00.

Brannrestriksjonar gjer at det bare er plass til 70 personar, difor 5 personar pr bord.


Inngang kr 50 pr pers.

Vil du sikre deg plass, kan du melde på alle namna på bordet ditt, på SMS til underteikna.

Døra stenger når det er fullt.

Vil du vere medlem i Moland Vel kan du betale inn på konto: **2694 20 23544**
kr 50 pr pers eller kr 150 pr familie.

Helsing
Moland Vel
v/ Monica Aas mobil 909 34 497



Fyresdal Vertshus

Restaurant · Overnattings · Motell

Vertshuset serverar pizza frå **kl 1900** den kvelden. Ring gjerne for bestilling 35 04 26 66.



Fyresdal Symjegruppe

LOPPEMARKED PÅ BYGDEDAGEN 6. JUNI

Symjegruppa arrangerar loppemarked i år og.

Loppene kan leverast på løa til Sigurd Moghus.

Har dykk spørsmål kan de ringe Lillian på tlf 95033733, og Hilde på tlf 95270905.

Om dykk ikkje har moglegheit til å levere loppene kan de ringe og avtale henting. Me køyrer ut og hentar lopper tysdag 26. mai, torsdag 28. mai, tysdag 2. juni og torsdag 4. juni. Loppene kan òg leverast direkte i Øyskogen fredag kveld, 5. juni.

Me ynskjer ikkje klede eller sko. Alle lopper må vere i orden – gjeld òg kvitevarar.

Helsing symjegruppa

BYGDEDAGEN



*Bygdekvinnelaget har utstilling på Øystad med tema
'Mitt og ditt kulturminne'.*

*Veterankøyretøy, loppemarknad. Mange utstillere, handverk
og salsboder. Både lokale og tilreisende.*

Ymse utloddingar, matsal.

Støtt bygdedagens loddosal

Underholdning:

kl. 11.00 Skulekorpset

kl. 12.00 Familiekolet

kl. 13.00 Kulturskolen

Kl. 14.00


**Konsert med kjent artist og
låtskrivar frå Treungen
Monica Nordli**



Grunnvik landhandel ved Statoil



Man. - torsdag	09.00 - 18.00
Fredag	09.00 - 20.00
Laurdag	09.00 - 15.00



Nå har endeleg sommaren kome med tida for mange aktivitetar og seine grillkveldar.
Vi har det du treng til eit godt måltid, mykje freistande i grønnsaksdisken.

Vi har litt fiskesaker, mark, støvlar og årer til båt. Båtar kan skaffast.

- Frimerke forhandlar
- SCHENKER pakkeutlevering

Vil takke for at du vel å handle hos oss, og ynskje nye og gamle kundar ein god sommar.

Helsing Sigurd og jentene på Molandsmoen.

GOD SERVICE GÅR ALDRI UT PÅ DATO

Nye Telemarkskyri meieri AS

Fredagar frå 14.00 – 16.00, vil Nye Telemarkskyri meieri AS holde ope meieriutsal

Sal av ny kjerna smør, saup, samt kaffi og vaflar

Vi ynskjer alle innom for å slå av en prat



TELEMARKSKYRI

Ved 2009

Bestill vinterveden nå!

Har ved av bjørk og furu.

Kan levere i storsekk, småsekk eller heile traktorhengarlass.

Gunnar K. Veum
Tlf. 975 84 924



Trening på skytebanen

For klasseførte baneskyttarar og rekrutteringsskyttarar. **Måndagar klokka 19.00.**
Møt i god tid.

Aldersgrense: Født i 1999 eller tidlegare.

Rekruttane må ha med seg føresette.

Dei som har – tek med seg hørselsvern.

Vi startar opp 25.05.

Helsing Styret



MILJØBILER

Vi bygger om alle bensinbiler til gassdrift. Opptil 50% reduksjon av miljøgifter og kostnader.

Fyllestasjoner i Fyresdal og Seljord.

LPG Fyresdal. Tlf. 414 16 526 E-post: post@lpgfyresdal.no





Jaktprøver og trening 2009

Onsdag 10. juni	18.00 - 20.00	Trening
Onsdag 17. juni	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 24. juni	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 1. juli	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 8. juli	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 15. juli	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 22. juli	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 12. august	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Laurdag 15. august	09.00 - 12.00	Trening/prøver
Onsdag 19. august	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 26. august	18.00 - 20.00	Trening/prøver
Onsdag 2. September	17.00 - 19.00 (merk tida)	Trening/prøver
Onsdag 9. September	17.00 - 19.00 (merk tida)	Trening/prøver
Laurdag 12. September	09.00 - 12.00	Trening/prøver

Informasjon og påminning frå skyttarlaget:

1. Nytt av året: elektroniske skiver
2. Ein må ha skote 30 treningskot før prøva kan takast.
3. Jaktprøva: Det skal avfyrast 5 skot med jaktammunisjon - det skal vere 5 treff i skiva.
4. Det er ikkje tillate med faste anlegg. Gjeld også skytebenken (må ha legeattest).
5. Skyteprøva gjeld for det våpenet du har skote prøva med.
6. Sluttstykket skal IKKJE i børsa før den ligg på standplass. Skal UT av børsa når ein forlet standplass.
7. Sal av ammunisjon - gratis kaffe.

Helsing Styret

Til informasjon

Har du hugsa å betale kontingenten til idrettslaget?

Alle under 13 år som betalar medlemskontigent til Fyresdal Idrettslag er forsikra på alle arrangement, også på treningar.

Kasseraren vår, Ingunn, prøvar å sende ut giroar til alle som er med på fotball, symjing, BIS, skikarusellen, skiskjoting, aerobic, volleyball eller badminton. Det er ikkje lett å få med alle.

Skulle du vere med på nokre aktivitetar som ligg under idrettslaget men ikkje betalar kontigent, er det viktig at du sei ifrå til Ingunn på e-post in-tovsl@online.no eller telefon 95085847.

Ein annan ting som er viktig er at de betalar rekninga til fristen. Det er veldig vanskeleg å ha ei oppdatera medlemsliste når dei seiste innbetalingane kjem eit halvt år etter at fristen har gått ut.

Er og veldig fint om de kan merke betalinga med kva for namn kontigenten gjeld for.

Håpar de kan hjelpe kasseraren vår med dette.

Elles ynskjer vi i idrettslaget alle ein fin vår ☺



TA – TRIMMEN 2009

Sundag 14. juni blir det sykkel / gå – trim i Fyresdal.
Start kl 13.00 – 15.00

I sentrum ved Gimle, fotballbanen.
Eigne opplegg i grendene – sjå oppslag der.

Vi sjåast !

Fyresdal IL.



GRATIS!

Ja, du leste rett!

Etter at det har kome inn bekymra meldingar og vi har befara området, har vi i Fyresdal Idrettslag beslutta å fjerne den gamle ljosløypa i Hamaren. Tilstanden til ein del stolpar, alle lampene, og luftstrekka er av ein slik karakter at det ikkje er eigna til formålet. Og det ville blitt alt for dyrt å setje den i forsvarleg stand.

Her er om lag 43 impregnera stolpar, lyktarmatur, ledningar og festeutstyr i bakken. Nå kan intressera skaffe seg stolpar, mot at dei samstundes fjernar alt utstyret. Alt på eigen risiko, må evt innhente løyve til å køyre i Hamaren, og hive avfall på rett plass.

Så vil du ha for eksempel 5 stolpar, må alt utstyret rundt dei 5 stolpane fjernast.

Intressera må kontakte Jørgen Momrak, tlf: 91666744, for å avtale nærmare.

Folkestadbyen informerer!

Grillsesongen er i gang! Vi har det du treng for å ete deg god og mett.

Mykje godt i frukt og grønt har vi og! **Fyresdal Mat A/S**

aas@icafyresdal.no

tlf 350 41 114

Mån-tors: 09.00-18.00

Fredag: 09.00-20.00

Laurdag: 09.00-15.00

Alt på ein stad – midt i sentrum




Sommaren står for dør. Bygdedagen er rett rundt hjørnet. Butikkane i sentrum fristar med mange gode tilbod denne dagen. Vi håpar på godt ver og mykje liv i Folkestadbyen!

Fyresdal Manufaktur & Leiker

tlf. 35041116

Bygdedagen 6. juni har mi gode tilbod på vår/sommerklede. Evita, Linnea, Divino og PAS (opp til str 48)

Mange fine strikkeoppskrifter på sommertopper



mån-fre kl 09.00 – 16.30

laurdag kl 10.00 – 14.00



Velkommen!

Frisørhjørnet

35041134

Vi har fått inn mykje nytt i pilgrim smykker. Solkremar frå california tan til solarium og til utebruk

Veke 26 blir det kun åpent måndag og tysdag og veke 27 blir det åpent tysdag, torsdag, og fredag pga. ferie.

Velkommen innom!

Ingunn og Signe



Fyresdal Sport og fritid

Det kjem mykje nytt i Stormberg, Pinewood og Adiddas til bygdedagen.

Mange gode tilbod! Velkomen innom!

Helsing oss på sporten



Neverstoga

På Bygdedagen og utover hele junimåned:

1/2 pris på lysestaker

Velkommen innom

Måndag 10.00-16.30

Tysdag 10.00-16.30

Onsdag 10.00-16.30

Torsdag stengt

Fredag 10.00-16.30

Laurdag 10.00-14.00

Helsing Silvia og Conny

Fyresdal bakeri og konditori

Tlf 35 04 15 10

Skal du grille?

Bestill hamburger-/pølsebrød hos oss!



Oleas Hus

Nå er Oleas Hus på plass i nye lokaler, vi er utrolig fornøyde og vi takkar alle i familien Aas for rask levering!

Dermed er vi klare for sommersalg og bygdedag, vi sjåast!



I juni og juli vil alle som handler i butikken vår bli med på ei trekning, og den heldig vinnaren får ein BLI-NY-DAG i Oleas Hus! Anne Veum stiller med hårfønar og vi i Oleas Hus ordner sminke og klær, dette blir moro!

Helsing Anne og Inger

www.oleashus.no

tlf. Fyresdal 95785298

Wenche`s terapi

25% avslag på alle cosmopharma prod. i heile juni.

Helsing Wenche

tlf 35 04 13 45 \

95 17 74 18

Farge og gåvebui

Nye blomar kvar tirsdag. Nytt i interiør (ryer i friske fargar)

Helsing

Astrid og Berit

tlf. 35 04 11 24





NORDISK TINGMØTE HOLDER SITT SOMMERTING PÅ FJØDDI SÆTER

Det tredeavte Sommerting i rekken avholdes fra 27. juni til 11. juli, men allerede Midtsommer kommer de første for å forberede leiren for opp mot hundre og femti deltakere. Tingmøtet fungerer som et forum for representanter fra økolandsbyer og alternative samfunn i Norden, samt enkeltindivider, kunstnere, musikere og fritenkere, som møtes for å dele håp, knytte bånd og inspirere til en sunn livsstil gjennom naturmedisin, økologi og kreativ utfoldelse. Talestaven går rundt i Sirkelen slik at alle får si det de måtte ha på Hjertet, enten det er praktiske beskjeder, å sette ord på følelser eller invitasjon til å være med på en 'workshop'. Den gamle skogsveien opp fra Foldsæ til Fjøddi skal gjenåpnes med dugnad, i samarbeid med Fyresdal Videregående Steinerskole.

- Har du kjennskap til lokalhistorie, gamle sanger og kvad, dyreliv eller kulturskatter så ta gjerne kontakt på epost:

tingline@gmail.com, eller kom og besøk oss i leiren. Parkering på fotballbanen nedenfor skolen.

Hilsen det norske vertskapet.

Fyresdal Sogelag – tur 6. juni

Fyresdal sogelag bed deg med på tur på Bygdedagen

Saman med folk frå Bygdemuseet går me i den nye
”Moland Kulturminneløype”
med kart og kjentmann.

Løypa gjeng snaue to kilometer i lett terreng gjennom byen, der me høyrer litt om historia til husa og folka der. Vidare gjeng me framom kyrkja, Prestestranda, Monkhola m.m. og høyrer om stadene og dei nyoppdaga gravhaugane i området.

-Klokkeslett og møtestad finn du i programmet for Bygdedagen, eller ved å vende seg til turistinformatjonen når dagen nærmar seg. (Sjå elles informatjonen om Bygdedagen i dette nummeret av Kommuneinformatjonen.)

For Sogelaget
Neal Battin

Volleyballgruppa

Sandvolleyball på
bryggeparken:

**Kvar søndag
kl 16.00**

Møt opp viss du har
lyst å bli med!

Helsing Jørg





Referat frå årsmøtet i Fyresdal fiskefond 15.04.2009

Årsmøtet blei halde på Juni bryggekafeen.

Frammøtte

Oskar Kåsa, Harald Aune, Kjell Sverre Thoresen, Aslak Momrak, Hallvard Grythe, Hallgeir Lund, Stein Helge Lassemo, Torgeir Lien, Leif Birger Tovslid, Sigurd Kile, Helge Kiland.

Innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste blei godkjent.

Årsmelding

Årsmeldinga for 2008 blei lesen opp og godkjent.

Rekneskap

Rekneskapen for 2008 blei godkjent.

Sal av fiskekort

Det blir ikkje endring av prisane på fiskekort for 2009.

Sal av fiskekort held fram som før. I tillegg vil ein nytte eit tilbod frå SMS Pass basert på bruk av mobiltelefon og eit tilbod frå I Natur om kjøp av fiskekort over nett. Det vil utvide tilbodet for fiskarane og gjera det lettare å administrere kortsalet.

Spørsmål om garnkort for nordenden av Fyresvatn bør rettast til Nedre Dalåi/Øvre Fyresvatn fiskelag eller til grunneigarane.

Vidareføring av tynningsfiske/andre fisketiltak

Skrevatn grunneigarlag har kr 12 000 att frå i fjor av overførte midlar til tynningsfiske.

Tynningsfisket med bruk av storrusa i Skrevatn bør halde fram. Det blir arbeidd med å få til avtaler for røkting av rusa.

Me gjeng ut i frå at tynningsfisket i Sundsvatn held fram, i regi av grunneigarane. Erfaringar frå tiltak med stenging av gytebekkar i Nordbøtjønna bør undersøkast.

Fyresdal fiskefond vil oppfordre laga om å søke støtte frå fondet til fisketiltak. Styret i fondet får fullmakt til å fordele pengar til tiltak etter søknad.

Budsjett

Fiskefondet leiger sekretær og kasserarhjelp frå Faun naturforvaltning for 2009, sum kr 15 000 inkl. mva. Fondet må rekne med ekstrakostnader i samband med overgang til nye omsetningsmåtar for fiskekort.

Hegglandsgrend fiskelag får etter søknad kr 20 000 i tilskot til fisketiltak. Laget søker også Fylkesmannen om pengar til kjøp av kalk. Laget kontaktar sjølve Finn Johansen hos Fylkesmannen om vassprøver og flasker.

Fiskefondet kjøper inn 2 prøvegarnseriar til prøvofiske. Seriane blir plassert hos Faun Naturforvaltning og kan lånast der. Instruks for gjennomføring av prøvofiske blir lagt ved prøvegarnserien. Tolking av data med vidare kan gjerast av Faun Naturforvaltning, mot betaling.



Budsjettet for 2009:

Status pr 1.4.2009:	kr 165 000	
Sal av fiskekort i 2009	kr 65 000	
Tilskot Hegglandsgrend fiskelag		kr 20 000
Tilskot tynningsfiske i Skrevatn		kr 20 000
Sekretær og kasserarhjelp		kr 15 000
Kjøp av prøvegarnseriar		kr 10 000
Arbeid med nye fiskekortordningar		kr 20 000
Møte og diverse utgifter		kr 2 000
Renter	kr 2 000	
Status 1.4.2010		kr 155 000

Val

Valnemnda var varsla om årsmøtet, med orientering om kven som var på val. Men ingen frå valnemnda var møtt fram, og det var heller ikkje lagt fram noko forslag. Styret blei derfor attvald, og er for 2009 Aslak Momrak (leiar), Tore Lotsberg (2 år) og Kjell Sverre Thoresen (1 år). Harald Aune held fram som revisor. Torgeir Lien gjeng inn i valnemnda i staden for Hans Øyvind Austjord. Anne Tovslid held fram eit år til.

Eventuelt

Adresse Reidars fiskeutstyr: Reidar Kvam, Vollan, 7620 Skogn, reidkv@online.no eller salg@storruser.no. Sjå også <http://www.storruser.no>.
Adresse Finn Johansen fjo@fmte.no.

Fagleg innslag

Espen Lydersen og Jan Heggnes frå Høgskulen i Telemark, Bø var invitert til møtet. Professor Jan Heggnes heldt føredrag og svara på spørsmål om tynningsfiske.

Før tynningsfiske er det viktig med eit prøvafiske for å få vite aldersstruktur og vekst i bestanden. Normal god vekst er ca 5 cm pr år. Normal avkastning i gode aurevatn er ca 5 kg/ha og år. For å få utslag av tynningsfiske må ein rekne med å ta ut minst halvparten av bestanden, dvs godt over 5 kg/ha. Ved bruk av garn bør fleire av garna ha moskevidder som er mindre enn den moskevidda som fiska best ved prøvafisket.

Bestandane i Fyresdal er stort sett styrt av rekrutteringa. Dvs at tiltak på gytebekkane kan vera vel så effektive som tynningsfiske ute i vatna. Fiske på gytebekkane med elektrisk fiskeapparat under gangstida kan ta både gytefisk og rekruttering, og kan vera effektivt. Eit alternativ er bruk av bekkeruser. Store fiskeetatar bør setjast ut att. Tiltak for å hindre tilgangen til gyteplassane er og aktuelt.

Vatn i høgfjellet eller vatn med dårlege gytevilkår kan ha balanse mellom bestand og tilgang på næring. Her er det aktuelt med både minstemål og største mål for den fisken som fiskaren kan ta med. Bruk av større moskevidder kan gjera det mogleg for fisken å utnytte meir av sitt vekstpotensiale før han blir fanga. Varme somrar kan gje sterke årsklassar og overtett bestand.

Villfisk kan med fordel fangast og nyttast til utsetting i andre vatn. Pass på og ikkje ta med gamle individ (fisk med stort hovud). Kvaliteten på fisken blir stort sett bestemt av næringstilgangen. Det er også genetiske forskjellar, og kvar bekk har si eiga fiskestamme.



Storaure er fiskeetande fisk som utfører lengre vandringar ute i innsjøen før han gjeng opp på elva for å gyte. Storleiken er frå rundt kiloen og oppover. Fisk kan ete andre fiskar på opptil 1/3 av si eiga lengde, og sidan småfisken stort sett er større enn 10 cm før han gjeng ut i frå bekken vil auren som regel vera minst 30 cm lang før han tek til å ete annan fisk. Registreringar i Heddalsvatnet viste at det neppe var meir enn ca 200 staurar i vatnet. I Dalåi fann Heggenes få gytegroper etter stor aure. Slike groper er minst 1 m lange.

Fyresdal, 15.04.09

TURAR I JUNI

Tysdag 2. juni kl 17.00 Vandretur frå Bergland i Skafså over heia til Austheii eller Bandakslid
Om lag 12 km, 3-4 timar, middels krevjande

Tysdag 9. juni kl 17.00 Skuggenatten i Treungen. ¾ times biltur til Shell i Treungen.
Gjeng flott merka stig mest bare på svaberg. Mykje stigning med enorm utsikt. Heimtur langs Nisser, til Fjone og heim Napevegen.

Tysdag 16. juni kl 17.00 Vandretur. Inn mot Aslestad. Parkerar på Tverrli ved Mjåvatn
Gjeng ein rundtur med denne ruta: Pukkverksåi, Hestekvevgruva Saupstøyl og tilbake til utg.punkt. Mykje minne om tidlegare tids gruvedrift. Middels lang tur med lite stigning.

Fredag 19. juni kl 16.00 * Øysteinsfjell. Tek med sykklar og sykklar frå Slystøyl og opp til Uvtjønn. Gjeng stutt og bratt opp på Øysteinsfjell frå nordsida. Tungt og bratt opp og lett ned att!!

Tysdag 23. juni kl 17.00 Grasstøylfjell, inn vegen mot Austre Nape. Gjeng inn Vardalen og oppå fjellet frå Vardalstjønn. Tek ei god pause her på veg ned att. Fin måte å feire St.Hans på!! Lang dag og lang tur.

Tysdag 30. juni kl 17.00 * Nasefjell. Inn den vanlege vegen frå Ljosdalstjønn.

Dette er turplanen for juni. Håper dette fristar!

Me vil ha ein liten stand på Bygdedagen i år også der me kjem til å trekkje vinnerar av turane og offentleggjere dei. Så kom bortom oss å sjå!

Fylg med på nettsiden til kommunen og www.birtedalen.info om helgeturane i mai/juni og FISKEBUDAGANE helga 6.-9. august. Dette må de få med dykk. Gå inn på www.kvikklunsj.no, gå her inn på "sørnorge". Her kan de sjå bilete frå nokre av turar me hadde i fjor.

Fyresdal I.L Trimgruppa v/Gunhild

Mental helse Fyresdal

inviterar til medlemsmøte **17. juni 09 kl 19.00** i lavoen ved Pleie- og omsorgssenteret.

Det blir servera grillmat til alle. Gudny Lauvrak og Randi Momrak kjem og fortel litt om kva dei kan hjelpe til med. Om det er kaldt kle deg godt.

Vi ynskjer nye og gamle medlemmer velkomen.
Styret.



Aktivitetsplan Mental helse Fyresdal fram til årsmøte 2010.

Dato:	Klokkeslett	Aktivitet:
17.06.	1900	Medlemsmøte
23.06.	1800	St. hans feiring saman med Moland Vel
02. 09.	1800	Styremøte
Ca. 10.10.		Temakveld
04.11.		Styremøte
20.11.	Kl. 1930	Medlemsmøte Jolemøte
27.01.10	Kl .1800	Styremøte
24.02.10	Kl. 1900	Årsmøte

Aktiviteter i Mental helse Fyresdal:

Her er eit oppsett på aktivitetane fram til årsmøte 2010. Felles arrangement finn dykk meir om i informasjonen til kommunen.

Styremøtene får styremedlemmene innkalling til. Har dykk noko som de vil take opp gje Mona Jacobsen eit hint tlf. 90636821 eller på e-post: mona1904@live.no

Medlemsskap i Mental helse Fyresdal:

Ynskjer du å bli medlem eller veit du nokon som ynskjer det kan du sei frå til Mona Jacobsen. Lokallaget betalar medlemskontingenten fyrste året. Etter at du har meldt deg inn og fått innbetalingsgiroen, leverer du den til kasserar Jørund Lauvdal.

Velkomen til våre arrangement og velkomen som medlem.



FYRESDAL MOTORSPORT KLUBB



Snøskuter - Motor- Cross / ATV-RC

DUGNAD 8. og 11. juni 2009

OPPMØTE FLYHANGAR KL 17.00

RYDDE I OG RUNDT BANER OG BYGG

TA MED HENGER, RYDDE/MOTORSAG OG HAGEREDSKAP

ENKEL SERVERING

SPØRSMÅL? TA KONTAKT

Klubbformann Alexander Brekke, Mobil: 905 70 184, E-post: fmk@birtedalen.no

Fyresdal Bygdemuseum

I 2009 er det 100 år sida Fyresdal Bygdemuseum vart skipa, og i det høve blir det arrangert ulike tilstellingar i samband med jubileet.

- **Jubileumsbok**

Illustrert jubileumsbok , ført i penna av Lars Veum. Boka presenterer ulike aspekt i Fyresdal si rike kulturhistorie, med smakebitar og døme frå Fyresdal Bygdemuseum sine samlingar. Boka blir lansert på Bygdedagen 06. juni.

- **Føredrag**

Korleis byggje eit bygdemuseum - Lars Veum fortel om personar og utviklingstrekk som var med på å skape Fyresdal Bygdemuseum Bygdedagen 06.juni Fyresdal Vertshus ca kl 13.00

- **Jubileumsutstilling**

Vest Telemark Museum oppgraderar utstillingsbygget til sesongen . Noverande utstilling blir oppgradert/bytta ut med ei jubileumsutstilling som syner utvalte gjenstandar frå museet si 100-årige historie.

Opnar på Bygdedagen 06. juni.

- **Fornminne i Fyresdal**

Vest Telemark Museum, i samarbeid med fylkesarkeologane, skipar til ei heilt ny utstilling med ny tematikk. Utstillinga "Fornminne i Fyresdal", vil syne spanande arkeologiske undersøkingar og funn gjort i kommunen. Sentrale element i den nye utstillinga vil vere bilete, tekst og kopiar av funn. Utstillinga er tenkt temporær og eigna for vandring.

Opnar på Bygdedagen 06. juni.

- **Fyresdal Bygdekvinneleg**

Har utstilling på Øystad, tema i år er : Kulturminneåret 2009 Kulturminne utan alder.

Opnar på Bygdedagen 6.juni

- **Kulturminneløype**

Kulturminneløypa er ei vandring gjennom fortid og nåtid i sentrum av Fyresdal. Ruta er skilta og får eigen brosjyre. Den startar ved Fyresdal Bygdemuseum, går gjennom Øyskogen , ned til Moland kyrkje, forbi Kolkkargarden, Munkhola, Prestestranda, Juni Bryggekafe og Teisner, attende til Folkestadbyen med ei vandring i Skippergata og Lensmannsgata.

Opnar på Bygdedagen 6.juni

- **Olsokspelet**

For 16. gong blir det eit forrykande Olsokspel i Fyresdal. I år er manus utarbeida og tonesett av unge lokale krefter. Innhaldet er lagt til Fyresdal i vikingtida, og tema er kjønnsroller og kvinnene si stilling. Lokale krefter og profesjonelle aktørar syter for eit olsokspel med heite kjensler og norrøn mystikk!

Speldatoar er 24. og 25. juli.

- **Teateromvisning i Folkestadbyen**

Vest Telemark Museum vil i år tilby ei dramatisert teateromvisning i Folkestadbyen. Ein vil bli teken med på ei historisk vandring med profesjonelle skodespelarar som vil levandegjere personane som budde og virka i husa i Skippergata og Lensmannsgata på 1900.talet.

Laurdag 25 juli.



Moland kyrkje

Kyrkjedøra



Veum kyrkje

Gudstenester i juni:

2.pinsedag, 01.06.:

POS, kl.11.00 v/Olav Jakob Tveit.

Sundag 07.06.:

Betel kl.11.00. Tale ved O.J.Tveit.

Sundag 14.06.:

Sauesleppsmesse, og

”Villblomens dag” på Snarteland (hjá Aslak).

Messa kl. 12.00, v/O.J.Tveit. Familiekoret deltek.

Bygdekvinnelaget serverer kaffi /saft og kaker.

Tur for å sjå på blomar etter kyrkjekaffien.

Tak med noko å sitje på.

Sundag 21.06.:

Veum kyrkje, kl.11.00, v/O.J.Tveit.

Offer

Sundag 28.06.:Trollholene Kilegrend, kl.12.00, v/ OJ.Tveit.

Kilegrend grendelag serverer kaffi/saft og kaker.

Tak med noko å sitje på.

- Ætt fylgjer ætt -



Døypete: Moland kyrkje-2009: Gaute Kleven Nilssen (22.03.), Johanne Lie (19.04.), Birtedalen grendehus: Adrian Kile Engebretsen (10.04.)



Døde - 2008: Hallvard Valebjørg (urnenedsetjing 28.11.),

Rannveig Anita Lauvrak (5.12.), Gerd Marie Halvorsen (gravlagd 18.12.).

2009: Birgit (Bibbi) Lyngdal (22.01.), Laila Kristiansen (18.02.), Syvert Aas (23.03.),

Torbjørg Gyda Sundgot (4.04.) og Anne Berit Bergland (17.04.).

Kyrkjegardane i Fyresdal – stell av graver

Kyrkjekontoret får av og til spørsmål om vi tek på oss stell av graver, dvs.planting, grasing og vatning, men dette har vi ikkje noko system på. Vi har likevel lyst til å hjelpe til med å skaffe folk som kunne vere interesserte i enkelt gravstell. Dersom du kunne tenkje deg slikt arbeid i ein periode på sommaren, så er det fint om du gjev beskjed på kyrkjekontoret. Vi kan då vidareformidle namn og telefonnummer til brukaren.

Konfirmasjon

Fyrstkomande søndag, 1. pinsedag, er det konfirmasjon i Moland kyrkje. 21 konfirmantar har ”gjenge for presten” denne vinteren. Det har vore ei fin tid og gilde ungdommar. Og eg vonar at dei alle får ei fin avslutning av konfirmasjonsåret på konfirmasjonsdagen, der dei får vere sentrum i familien og får merke at mange er glade i dei. Ja, konfirmasjonsdagen er ein stor festdag i heile bygda, ein stor og viktig tradisjon som er vel verd å take vare på.

Undervisninga er ikkje som før med mykje pugging. Men framleis lærer konfirmantane mykje om kyrkja dei høyrer til, og om den kristne arven, noko som er endå viktigare nå som kristendomsundervisninga nesten er blitt borte frå skulen. Konfirmasjonsundervisninga kjem inn på dei aller viktigaste spørsmåla i livet; Kva er meininga med livet, fins det noko meir enn dette livet, kven og korleis er Gud? Alt dette er spørsmål som ungdommane er opptekne av. Og det er fint å ha konfirmantundervisninga midt i bygda, i deira eiga kyrkje. Slik blir dei godt kjende med kyrkja og kyrkjelyden i heimbygda. Og kom i hug, konfirmasjonsåret heng nøye saman med lovnaden som foreldra gav ved døypefonten, om å oppsede borna i den kristne tru og forsaking.

Takk til konfirmantane som nå blir konfirmerte, og vel møtt til nytt kull til hausten!

OJT

kyrkjedør juni 2009

Prest: 35 06 71 45 el. 41 23 77 03 - Kyrkjevevja: 35 06 71 33 el. 95 15 94 94 – Organist: 95860923 - Kyrkjetenar: 99098730
e-post: kyrkjekontoret@fyresdal.kommune.no

Fyresdal legekantor tlf 35 06 73 00

Opningstid: Legekantoret har opningstid 08.30 – 15.00

Open time:

kvar dag oppmøte 08.30 – 09.00 .

Denne timen er for akutte plager, som har forverra seg siste døgnet.

Medisinbestilling:

Bestillingstid for medisinar kan ta 3 dagar, på grunn av dette er det fint om du bestiller i god tid.



Transport for pasientar til sjukehus og spesialistar

Reiserekvisjonar bestillast så snart du har fått timeavtale på sjukehus eller hjå spesialist.

Nye retningsliner med hensyn til sjuketransport gjer at legene her i Fyresdal ikkje kan rekvirere all transport.

For bestilling kontakt **køyrekontoret** tlf 35 00 58 00, NAV tlf 35 11 39 80 eller legekantoret tlf 35 06 73 00.

Reiserekvisjon får du om det er medisinsk grunn for at du ikkje kan nytte rutegående transport eller eigen bil.

Viktig:

Om du treng råd eller hjelp av lege utanom kontortid, ring direkte til

Arendal legevakt tlf 815 32 999

Ved øyeblikkeleg hjelp heile døgnet, ring 113


Vi pussar opp og bygger om på helsehuset i nokre veker framover og ber om forståing for det.

Vennleg helsing alle ved helsehuset

TAXI

DROSJEVAKT I JUNI.

Helgevakt: f.o.m. Fredag kl.15.00 t.o.m. Måndag kl.07.00



Juni	05. - 08.	O.G. og G. Vik	Tlf.97 71 71 07
Juni	12. - 15.	L.B. Tovslid	Tlf.91 76 14 16
Juni	19. - 22.	K. Berve	Tlf.95 21 71 95
Juni	26. - 29.	O.G. og G. Vik	Tlf.97 71 71 07

All transport til sjukehus og andre spesialistar

må bestillast direkte frå køyrekontoret Tlf. 35 00 58 00

Når du bestiller må du opplyse personnummer og telefonnr.

Sørg for at du har rekvisjon til turen.

Helsing
Drosjeeigarane